

# Detaljregulering fjelluttak Lesjaverk, Lesja kommune



**Oppdragsgivar**  
**Oppdrag**  
**Rapport type**  
**Prosjektnr.**  
**Dato**

Lesja Bulldozerlag as  
Detaljregulering  
Planprogram  
230228  
21.12.2023

Planprogram





 <p>Prosjektnr: <b>230228</b></p>	<p>Dato: <b>21.12.2023</b></p>
<p>Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb. 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 <a href="http://www.nordplan.no">www.nordplan.no</a></p>	<p>Kundeinformasjon: Lesja Bulldozerlag AS Åsenvegen 74 2665 Lesja Prosjektansvarleg: Ann-Kathrin Storhaug von Rappe</p>
<p>Prosjektleder: Alf Louis Solvang</p>	<p>Sign: </p>
<p>Medarbeidarar: Arild Rindal Marte Turtum Iselin Ditlevsen Løkken</p>	

# Innhald

<b>1.</b>	<b>INNLEIING</b> .....	<b>4</b>
<b>1.1.</b>	<b>Forord</b> .....	<b>4</b>
<b>1.2.</b>	<b>Formål med planarbeidet og planprogrammet</b> .....	<b>4</b>
1.2.1.	Prosjektmål.....	4
1.2.2.	Planprogram.....	4
<b>1.3.</b>	<b>Lovgrunnlag og krav til prosess</b> .....	<b>5</b>
<b>1.4.</b>	<b>Organisering av planprosessen</b> .....	<b>5</b>
1.4.1.	Arbeidsopplegg.....	5
1.4.2.	Medverking og informasjon.....	5
1.4.3.	Framdriftsplan.....	5
<b>2.</b>	<b>DAGENS SITUASJON</b> .....	<b>6</b>
<b>2.1.</b>	<b>Lokalisering</b> .....	<b>6</b>
<b>2.2.</b>	<b>Planavgrensing</b> .....	<b>7</b>
<b>2.3.</b>	<b>Skildring av planområdet</b> .....	<b>7</b>
2.3.1.	Arealbruk.....	7
2.3.2.	Forureining.....	8
2.3.3.	Natur og landskap.....	8
2.3.4.	Friluftsliv.....	8
<b>2.4.</b>	<b>Eigedomsforhold</b> .....	<b>8</b>
<b>2.5.</b>	<b>Overordna planar og føringar</b> .....	<b>9</b>
2.5.1.	Nasjonale planar og føringar.....	9
2.5.2.	Regionale planar og føringar.....	9
<b>2.6.</b>	<b>Arealplanar</b> .....	<b>9</b>
2.6.1.	Kommuneplanens arealdel.....	9
2.6.2.	Gjeldande reguleringsplan.....	10
2.6.3.	Tilgrensande og nærliggande reguleringsplanar.....	10
2.6.4.	Utførte undersøkingar.....	10
<b>3.</b>	<b>FRAMTIDIG SITUASJON</b> .....	<b>11</b>
<b>4.</b>	<b>KONSEKVEN SAR FOR MILJØ OG SAMFUNN</b> .....	<b>11</b>
<b>4.1.</b>	<b>Metode</b> .....	<b>11</b>
<b>4.2.</b>	<b>Avgrensing og omfang</b> .....	<b>11</b>
<b>4.3.</b>	<b>Aktuelle utgreiingstema</b> .....	<b>12</b>

<b>4.4. ROS-analyse .....</b>	<b>14</b>
4.4.1. Kartlegging av moglege hendingar/potensielle farar .....	14
4.4.2. Førebels ROS-skjema .....	14

# 1. Innleiing

## 1.1. Forord

Planprogrammet er utarbeidd av Nordplan as på vegne av Lesja Bulldozerlag. Planprogrammet fylgjer som vedlegg i samband med varsel om oppstart av planarbeidet.

**Plannamn: Detaljregulering for Fjelluttak på Lesjaverk.**

**Plan-ID: 34320170.**

Kontaktperson i Lesja kommune er Sigurd Alme.

Ansvarleg styresmakt for behandling og godkjenning av planprogrammet er formannskapet i Lesja kommune. Formannskapet skal behandle detaljreguleringsplanen, og vedtak vert gjort av kommunestyret.

Planprogrammet vart i formannskapsmøte 30.11.23 (saksnr. 2023/70) vedteke lagt ut til offentleg ettersyn.

I vedtaket kjem det fram at Kommunedirektøren legg til grunn at forslagsstillar i tilstrekkeleg grad vil dokumentere og skildre verknadene på miljø og samfunn ved oppretting av fjelluttak.

Kommunen har sett eit vidt område av grunneigarar som skal varslast, samt lokale foreiningar.

Eventuelle kommentarar, merknader og innspel til planarbeidet skal formulerast skriftleg og sendast til: Nordplan AS ved Alf Louis Solvang: [alos@nordplan.no](mailto:alos@nordplan.no) eller Nordplan as, Støttumveien 7, 1540 Vestby. Frist for å koma med merknader og innspel til planprogrammet er sett til **søndag 11. februar 2024**.

## 1.2. Formål med planarbeidet og planprogrammet

### 1.2.1. Prosjekt mål

Formålet med planarbeidet er å regulere eit område for fjelluttak, og legge til rette for ein seinare prosess med driftskonsesjon. Aktuelt hovudformål er råstoffutvinning. Oppdragsgjevar er i oppstarten av prosjektutviklinga og ønskjer innspel og synspunkt på rammene for prosjektet.

Tiltakshavar ser at det er behov for massar til anlegg og utbygging i kommunen. Det vert og lagt opp til produksjon av murstein til støttemur i skjeringar, og til dekorative formål ved bygging av bustader eller hytter. Slik murstein vert i dag i stor grad levert frå Vestnes til Lesja og også vidare nedover Gudbrandsdalen. Ein stor del av kostnaden for natursteinsmurar er knytt til transportavstanden.

Strategisk plasserte masseuttak vil redusere kostnader og klimaavtrykk for vegbygging og andre tiltak som krev fyllmassar/stein i området. Krav til kvalitet på massar brukt i veganlegg har auka dei seinare åra og mange av dei masseuttaka som eksisterer i dag støttar ikkje dei nye krava til vegmyndighetene. Statens vegvesen, fylkeskommunen, Lesja kommune som vegeigar samt bønder og andre med veganlegg vil og ha nytte av at det vert lagt til rette for å bruke kortreiste massar. Tiltaket vil såleis legge til rette for berekraftig samfunnsutvikling og lokal næringsutvikling.

### 1.2.2. Planprogram

Formålet med planprogrammet er å:

- Avgrense planoppgåva.
- Belyse konsekvensar og problemstillingar.
- Avklare utredningsbehov i forhold til miljø og samfunn.
- Fastsette rammer og føringar for planarbeidet.
- Gi anledning til tidleg medverking.
- Sikre politisk forankring.

### **1.3. Lovgrunnlag og krav til prosess**

Reguleringsplanen skal utarbeidast i tråd med plan- og bygningsloven § 12-3. Planforslaget skal og innehalde ei planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse, reguleringsføresegner og plankart.

Arbeidsopplegg og medverking skal skje i tråd med opplegget som er skissert under punkt 1.4.1.

Planarbeidet er vurdert etter forskrift om konsekvensutgreiing (KU-forskrifta). Det er vurdert at planen fell inn under § 8 *Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn*, bokstav a) *reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II*. I vedlegg II fell tiltaket inn under pkt. 1 d) i *Avskoging med sikte på omlegging til anna arealbruk*, samt pkt. 2 a) *mineraluttak, herunder torvskjering*. Det er og vurdert at tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jf. § 10 bokstav d), da planen medfører ei større omdisponering av område avsett til landbruk-, natur- og friluftsmål samt reindrift. Planen utløyser difor krav om konsekvensutgreiing. Det er og vald å utarbeide planprogram. Vurdering av at tiltaket ikkje fell inn under vedlegg I er gjort med bakgrunn i tiltakets storleik og forventa uttak.

Planprogrammet skal avgrense og fastsette rammer og føringar for planoppgåva, klargjere problemstillingar og konsekvensar samt avklare utgreiingsbehov i høve miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal vidare identifisere og omtale dei faktorane som kan bli påverka av planlagde tiltak, og vurdere om desse kan gje vesentlege verknader for miljø og samfunn. Aktuelle utgreiingstema er vurdert etter § 21 i KU-forskrifta, og lista opp i tabellen i kap. 4.3, men ei tilvising til om temaet skal greiast ut gjennom konsekvensutgreiinga eller planomtalen.

### **1.4. Organisering av planprosessen**

#### **1.4.1. Arbeidsopplegg**

Detaljreguleringsplanen og konsekvensutgreiinga skal utarbeidast av Nordplan på vegne av tiltakshavar Lesja Bulldozerlag, og i samråd med planavdelinga i Lesja kommune.

Samarbeid med andre offentlege instansar og private interessantar vil skje gjennom dialog og innspel i samband med oppstartsvarsel og høyringar, og eventuelt i særskilde møte etter behov.

Planprogram og høyringsforslag for detaljreguleringsplanen vil bli politisk forankra gjennom behandling i kommunen sine utval.

#### **1.4.2. Medverking og informasjon**

Planprogrammet blir lagt ut til offentleg ettersyn i 6-8 veker, saman med kunngjering av oppstart for reguleringsplanarbeidet. Private og offentlege partar og interessantar blir varsla og invitert til å koma med innspel og kommentarar til planarbeidet og tema som skal utgreiast i konsekvensutgreiinga. Oppstart av planarbeidet blir varsla i avisa Vigga torsdag 21. desember. Planprogrammet blir og tilgjengeleg på Nordplan og kommunen sine nettsider.

Medverking for planarbeidet baserer seg på ordinær kunngjering og samarbeidsdialog, i samsvar med prosesskrav i plan- og bygningslova. Det kan undervegs i planprosessen bli behov for ytterlegare medverking, for eksempel i form av informasjonsmøte.

#### **1.4.3. Framdriftsplan**

Tabellen under syner ein førebels framdriftsplan for planarbeidet. Behandlingstidspunkt i kommunen vil avhenge av saksmengd og møteplanar.



Fasar i planarbeidet	Framdrift
Planinitiativ oversendt til kommunen	11.07.23
Oppstartsmøte og synfaring med Lesja kommune	23.08.23
Behandling av planprogram i formannskap i forkant av høyring	16.11.23
Varsel om oppstart og høyring av planprogram	Veke 51-6
Fastsetting av planprogram	Mars '24
Utarbeiding av planforslag	Mars-juni '24
Fyrste gongs behandling av planforslag	August/september '24
Offentleg ettersyn	September/oktober '24
Merknadsbehandling	Oktober/november '24
Planvedtak	Desember '24

## 2. Dagens situasjon

### 2.1. Lokalisering

Planområdet ligg i Dosethlie i Lesja kommune, med E136 og Raumabanan rett sør/sørvest for planområdet. Bjorli ligg om lag 17 km nordvest for planområdet, medan kommuneadministrasjonen på Lesja ligg om lag 22 km mot søraust. Lokaliseringa er markert med raud sirkel på figur 1. Området tenkt til masseuttak er om lag 120 daa, og består i dag av skog.



Fig. 1: Planområdets lokalisering markert med raud sirkel (Kommunekart).



## 2.2. Planavgrensing

Planområdet (fig. 2) er i nord avgrensa mot høgspenteledning, i sør mot E136. I sør er det i varsla planområde vald å inkludere langsgåande gang- og sykkelveg. Bakgrunnen for dette er å ha rom for eventuelle rydningstiltak for å sikre tilfredsstillande siktforhold for av- og påkøyring til hovudvegen.

Mot aust er varsla planområde lagt i tomtegrense, medan det mot vest er varsla eit noko større område for eventuelt å kunne sikre bevaring av skog som skjerming mot innsyn, støy og støv.

Aktuelt område for fjelluttak består av eit område på om lag 120 dekar innanfor gbnr. 21/1, 32/1 og 33/1. Skissert planområde omfattar eit noko større areal. Dette for å undervegs i arbeidet kunne vurdere gode løysingar for overvatn og bruk av vegetasjon som skjerming mot støy, støv og landskapsverknader. Endeleg plangrense i reguleringsplan vil kunne reduserast i løpet av planprosessen.




Fig. 2: Utsnittet syner planområdets avgrensing med svart stipla linje

## 2.3. Skildring av planområdet

### 2.3.1. Arealbruk

I kommuneplanens arealdel (19.12.2013) er arealet sett av til landbruk-, natur- og friluftformål samt reindrift (LNFR). Arealet er ikkje omfatta av omsynssoener. Området er i dag skogdekt. Det er gjeve løyve til prøveuttak innanfor området og dette arbeidet er sett i gang. Det er og gjeve førebels løyve til utvida bruk av avkøyring frå hovudvegen (E136) i samband med prøveuttaket.

### 2.3.2. Forureining

Planområdet er ifylgje Miljødirektoratets grunnforureiningsdatabase ikkje i berøring med område som har registrert ureina grunn.

### 2.3.3. Natur og landskap

Plan- og utgreiingsområdet er plassert innanfor landskapsregion 11 *Øvre dal og fjellbygder i Oppland og Buskerud*. Landskapstypen er i NiN-systemet (Natur i Norge) klassifisert som *opent dallandskap under skoggrensa med innsjø og bebygde område*. Skoglandskapet som utgjer planområdet er typisk for regionen.

Det er observert ein førekomst av arten *Nubbestarr* innanfor planområdet. Dette er ein nær truga art, og førekomst og påverknad må vurderast i KU-arbeidet.

Eit stykke nord for planområdet ligg yttergrensa til kartlagt funksjonsområde (heilårs leveområde) for villrein tilknytt Snøhetta og Knutshø villreinområde.

### 2.3.4. Friluftsliv

Litt ovanfor planområdet går det ei tur- og friluftsrute langs ein skogsbilveg, som nyttast som skiløype vinterstid. Strava heatmap (fig. 4) syner at turvegen på nedsida av E136 har ein del aktivitet vinterstid, medan dei øvrige vegane/stiane synlege utklippet frå Strava i hovudsak er knytt til fotturar/løping, samt noko aktivitet på sykkel.

Det er ingen registreringar i offentlege databasar knytt til friluftsliv innanfor planområdet.




Fig. 3: Utklipp henta frå Strava heatmap som syner aktivitet registrert i planområdet. Gul farge indikerer vegar/stiar med mest bruk. Planområdets omtrentlege plassering synt med raud sirkel.

## 2.4. Eigeomsforhald

Eigeomsforhald innanfor planområdet	
Namn:	Gnr./bnr.:
Roy Kjetil Bryggen	21/1
Harald Kolstad	31/1
Torgeir Nordgård	32/1
Torgeir Nordgård	33/1
Statens vegvesen	158/50



## 2.5. Overordna planar og føringar

### 2.5.1. Nasjonale planar og føringar

- Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018).
- Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014).
- NVE retningsliner 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar.
- Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2021.

### 2.5.2. Regionale planar og føringar

- Regional plan for Gudbrandsdalslågen med sidevassdrag.
- Regional plan for klima, energi og miljø.
- Regional plan for samferdsel 2018-2030.
- Regional plan for verdiskaping 2018-2030.
- FylkesROS Innlandet 2022-2026.

## 2.6. Arealplanar

### 2.6.1. Kommuneplanens arealdel

Figur 4 syner utsnitt av gjeldande arealdel i Lesja kommune, vedteke 19.12.2013. Arealet innanfor planområdet er her avsett til LNFR.




Fig. 4: Utklipp frå regiondata (kart.regiondata.no) som syner planstatus for planområdet i kommuneplanens arealdel. Varsla planområde markert med raud stipla line.

### 2.6.2. Gjeldande reguleringsplan

Området er ikkje tidlegare regulert.

### 2.6.3. Tilgrensande og nærliggande reguleringsplanar

Det er ingen regulerte område med direkte tilknytning til planområdet. Aust for planområdet ligg reguleringsplanane *Øverjordet hyttefelt* (2009) og *Hytteomr. Sørstua Lesjaverk* (2010), og mot sør ligg det to reguleringsplanar; *Aspelund sameie* (2006) og *Gamle kongeveg hyttegrend* (2015) (fig. 5).



Fig. 5: Utklipp frå regiondata (kart.regiondata.no) som syner nærliggande reguleringsplanar. Varsla planområde markert med raud stipla line.

### 2.6.4. Utførte undersøkingar

#### Kartlegging av naturmangfald – Lesjaverk 2021

Dokkadeltaet Våtmarkssenter as gjennomførte i juli 2023 ei kartlegging av naturmangfald innanfor gnr./bnr. 32/1 og 33/1, på oppdrag for grunneigar Torgeir Nordgård. Det kartlagde området har ein storleik på om lag 100 daa.

Formålet med oppdraget var å dokumentere dei naturfaglege verdiane i området, med hovudfokus på raudlista artar og naturtypar, regionalt sjeldne eller omsynskrevjande artar, og andre viktige naturtypar.

I undersøkingsområdet vart det dokumentert ein lokalitet av den raudlista naturtypen flomskogsmark. Lokaliteten er vurdert å ha «låg kvalitet» etter Miljødirektoratets instruks for kartlegging av naturtypar og blir rekna som lokalt vanleg. Ingen raudlista, sjeldne eller omsynskrevjande artar vart funne i lokaliteten eller i prosjektområdet elles.

Generelt er dei naturfaglege verdiane i undersøkingssområdet vurdert å vere representative for nærområdet, og inneheld ikkje naturkvalitetar som krev ekstra omsyn på lokalt, regionalt eller nasjonalt nivå.

Kartlegginga vil bli supplert som del av planarbeidet.

### 3. Framtidig situasjon

Hensikta med planen er å regulere arealet til formålet råstoffutvinning. Det er ynskjeleg å ta vare på eit skogbelte ned mot E136 for å skjerme mot både innsyn, støv og støy. Det skal i planarbeidet vurderast om det er hensiktsmessig å sikre vegetasjon på fleire kantar av planområdet. Tiltaket vil og omfatte anlegg for handtering av overvatn. Det er ikkje tenkt etablering av bygningar innanfor området i samband med drift av fjelluttaket. Førebels vurdering tilseier at det kan vere aktuelt å ta ut inntil 1,3 million m<sup>3</sup> fjell innanfor området.

Tilkomst til området vil vere frå E136.

Aktuell etterbruk etter avslutta fjelluttak kan til dømes vere at arealet attendeførast til LNFR eller alternativt å vurdere om deler av området er aktuelt som næringsareal.

### 4. Konsekvensar for miljø og samfunn

Nedanfor fylgjer ei vurdering av tema som er aktuelle i samband med konsekvensutgreiing av tiltaka i planforslaget. Forslaga til utgreiingstema er vurdert i medhald av forskrift om konsekvensutgreiing og element ved planforslaget som kan føre til konsekvensar for miljø og samfunn.

#### 4.1. Metode

Konsekvensutgreiinga skal utarbeidast i tråd med Kommunal- og distriktsdepartementets rettleiar *Konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova (2021)* og Miljødirektoratets rettleiar *M-1941 Konsekvensutgreiing for klima og miljø*. Planforslaget skal vurderast opp mot eit *0-alternativ*, som er eit mål på den mest realistiske utviklinga i planområdet dersom tiltaka i planforslaget ikkje gjennomførast.

Vurdering av *verdi*, *påverking* og *konsekvens* blir utført med utgangspunkt i tabellar henta frå rettleiar *M-1941*.

- **Verdi:** ei vurdering av kor stor betydning eit område har i eit nasjonalt perspektiv.
- **Påverking:** ei vurdering av korleis det same området vert påverka som fylgje av eit definert tiltak. Påverknad vurderast i forhold til 0-alternativet.
- **Konsekvens:** konsekvens er vurdert ut ifrå ei samanstilling av verdi og påverknad. Konsekvensen er ei vurdering av om eit definert tiltak vil medføre forbetring eller forringing av eit område.

#### 4.2. Avgrensing og omfang

Tema, innhald og omfang av konsekvensutgreiinga skal tilpassast planen og vere avgjerdsrelevant, jf. § 17 i KU-forskrifta. Vurderingar skal byggje på eksisterande fagleg kunnskap. Om naudsynt skal det innhentast ny kunnskap, eventuelt må eksisterande data oppdaterast. Tema som ikkje konsekvensutgreiast skal beskrivast i planskilddinga eller i eigna notat.

### 4.3. Aktuelle utgreiingstema

P = Handterast i planomtalen.

KU = Handterast gjennom konsekvensutgreiinga.

Tema	Utgreiingsbehov	P	KU
<p><b>Naturmangfald</b></p> <p>Eksisterande område med naturbeitemark og planteliv. Fugleobservasjonar.</p> <p>Raudlista artar.</p>	<p>Det er tidlegare (2021) utført kartlegging av naturmangfald innanfor deler av området (Dokkadeltaet Våtmarkssenter AS) for å dokumentere dei naturfaglege verdiane i området. Kartlegginga konkluderar med at dei naturfaglege verdiane i området er representative for nærområdet, og ikkje inneheld naturkvalitetar som krev ekstra omsyn på lokalt, regionalt eller nasjonalt nivå.</p> <p>Ifylgje Artsdatabanken si kartløyising er det observert <i>Granmeis</i> (sårbar) og <i>Nubbestarr</i> (nær truga) innanfor planområdet.</p> <p><i>Temaet blir handtert i konsekvensutgreiinga.</i></p>		X
<p><b>Økosystemtenester</b></p>	<p>Temaet skal vurderast nærare i planarbeidet.</p> <p><i>Temaet blir handtert i planomtalen.</i></p>	X	
<p><b>Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål</b></p>	<p>Planarbeidet skal sikre at tiltaka i planen fylgjer nasjonale og internasjonale fastsette miljømål.</p> <p><i>Temaet blir handtert i planomtalen.</i></p>	X	
<p><b>Kulturminne og kulturmiljø</b></p> <p>Det er registrerte krigsminne innanfor planområdet.</p>	<p>Det er gjort funn av krigsminne innanfor planområdet (bombekrater frå 2. verdskrig), men dette er ikkje eit freda kulturminne (Kulturminnesøk). Det kjem fram av referat frå oppstartsmøte at Lesja kommune ikkje vil krevje bevaring av krigsminnet.</p> <p>Fylkeskommunen må gjer ei eiga vurdering av potensiale for funn i området og behovet for ei eventuell synfaring.</p> <p><i>Temaet blir handtert i konsekvensutgreiinga.</i></p>		X
<p><b>Friluftsliv</b></p> <p>Ski- og fotturløyper i nærleiken av planområdet.</p>	<p>Ifylgje Lesja kommune sin <i>Plan for friluftslivets ferdselsårer</i> er det ikkje kjent areal innanfor planområdet som er nytta til friluftsliv. Det er derimot registrert skirute nord for planområdet og sykkelrute lang E136.</p> <p><i>Temaet blir handtert i konsekvensutgreiinga.</i></p>		X
<p><b>Landskap</b></p> <p>Landskapsverknader ved masseuttaket.</p>	<p>Masseuttaket vil medføre ei endring av landskapsbiletet i området. For å redusere synlegheit og påverknad er det ynskjeleg å ta vare på skogsbeltet kring tiltaket, men tiltak vil likevel vere synleg frå enkelte område.</p> <p><i>Temaet bli handtert i konsekvensutgreiinga.</i></p>		X
<p><b>Naturfare</b></p>	<p>Tilgjengelege kartdatatenester syner ikkje aktsemdområde for naturfare som flaum, skred, masseutgliding eller erosjon.</p> <p><i>Temaet blir handtert i ROS-analysen.</i></p>		
<p><b>Overvatn og vassmiljø</b></p> <p>Auka avrenning som fylgje av masseutvinninga.</p> <p>Finsediment frå sprenging.</p>	<p>Fjelluttaket/masseutvinninga vil medføre auka avrenning som følgje av at ein fjernar det jorddekte skogarealet som naturleg fordrøyar regn og flaum. Sprenging kan dessutan føre til endring i vassføring i fjellgrunnen, og finsediment frå området kan potensielt skape utfordringar nedstrøms. Det må derfor utarbeidast ein plan for overvasshandtering og sikre tilstrekkeleg kapasitet nedstrøms. Under synfaring er det observert fleire bekkar i planområdet som er viktige for overvasshandtering.</p> <p><i>Temaet blir handtert i konsekvensutgreiinga.</i></p>		X

<b>Forureining: støy</b> Støy frå anleggsområde.	Råstoffutvinninga vil føre til forureining i form av støy i periodar. I planarbeidet skal det gjerast ei konkret, fagleg vurdering av påverknadsfaktorar for helse, som berekning av framtidig støysituasjon, og ein skal foreslå eventuelle avbøtande tiltak. Særleg skal det vurderast konsekvensar for bustadene i aust og vest, samt for framtidige utbyggingsområde sør for planområdet.  <i>Temaet forureining i form av støy blir handtert i konsekvensutgreiinga.</i>		<b>X</b>
<b>Forureining: støv.</b> Støv frå anleggsverksemd.  Ureina grunn.	Råstoffutvinninga kan i tørre periodar føre støv i anleggsområdet. Tiltaket er likevel ikkje venta å medføre vesentleg auke av talet personar som blir utsett for luftforureining eller vesentleg auke i ureiningsnivå i medhald av Luftkvalitetskriteria i retningsline T-1520.  Planområdet er ikkje i kontakt med område som har registrert forureina grunn (Grunnforureiningsdatabasen, MD).  <i>Temaet blir handtert i planomtalen.</i>	<b>X</b>	
<b>Landbruk</b>	Planområdet er i dag skogdekt og i bruk som beitemark.  I kommunal planstrategi kjem det fram at det er eit vesentleg unytta potensial i skogproduksjon i kommunen.  Gjerde knytt til beite vil bli flytta for å unngå at beitedyr tek seg inn i fjelluttaket.  <i>Temaet blir handtert i konsekvensutgreiinga.</i>		<b>X</b>
<b>Mineralressursar</b>	Formålet med tiltaket er å nytte mineralressursane i området for å produsere natursteinsmurar til anlegg, utbygging og som fyllmassar i kommunen. Dette er massar det er ytra eit behov for både lokalt og regionalt.  <i>Temaet blir handtert i planomtalen.</i>	<b>X</b>	
<b>Samisk natur- og kulturgrunnlag</b>	Ikkje relevant.		
<b>Veg- og vegtekniske forhold</b> <b>Trafikktryggleik</b> Planområdet ligg i tilknytning til E136.	Tilkomst vil vere frå E136, og det skal sikrast trygg av- og påkøyning i planarbeidet. Omsynet til gang-/sykkelvegen skal ivaretakast.  <i>Temaet blir handtert i planomtalen.</i>	<b>X</b>	
<b>Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar</b>	Planen legg opp til utvinning av råstoff som er etterspurt i kommunen og nærområdet. Eit strategisk plassert masseuttak vil redusere transportbehovet og -kostnadane for leveranse av naudsynt masse i området.  <i>Temaet blir handtert i planomtalen.</i>	<b>X</b>	
<b>Beredskap og ulykkesrisiko</b>	<i>Blir handtert i ROS-analysen.</i>		
<b>Verknader som fylgje av klimaendringar</b>	<i>Blir handtert i ROS-analysen.</i>		
<b>Barn/unge, eldre og funksjonsnedsette sine interesser</b>	Det bør etablerast ein god vegetasjonsskjerm mot gang- og sykkelvegen for å skjerme frå aktivitet i uttaket.  <i>Temaet blir handtert i planomtalen.</i>	<b>X</b>	
<b>Kriminalitetsførebygging</b>	Ikkje relevant.		
<b>Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet</b>	Det skal ikkje førast opp bygningar innanfor planområdet. Sjå elles temaet «Landskap» for konsekvensar for landskapsutforminga.		



<b>Samfunn og næringsverksemd</b>	Forventa verknader av tiltaket skal omtalast. Det vert ikkje utarbeidd fullstendig samfunnsøkonomisk analyse.	X	
<b>Sikring av området</b>	Sikring av store høgdeskilnader samt eventuell fare under drift blir vurdert i ROS-analysen.		

## 4.4. ROS-analyse

### 4.4.1. Kartlegging av moglege hendingar/potensielle farar

Potensiell fare er vurdert gjennom analyseskjema i kap. 5.4.2. Sjekklista blir i denne fasen brukt som ei siling, for å identifisere tema som vil få særleg fokus i det vidare planarbeidet.

Tenkelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak blir sidan samanfatta i ei risikomatrise, og det blir laga ei oppsummering som syner identifiserte tiltak, og korleis desse er sikra gjennom plandokumenta. Alle punkt i sjekklista blir vurdert. Sjekklistas punkt skal omfatte både hendingar som er aktuelle i no-situasjonen, og hendingar som er konsekvensar av å gjennomføre planen.

ROS-analysen vil og legge til grunn følgande ROS-analyser:

- FylkesROS Innlandet 2022-2026.

### 4.4.2. Førebels ROS-skjema

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING		J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDE
STORE ULYKKER	Eksplasjon, utslepp av farlege stoff, akutt forureining	N	Ikkje aktuelt.	Nordplan.
	Brann i bygning/ anlegg	N	Det er ikkje planlagt etablert bygningar innanfor planområdet.  Lesjaskog brannstasjon ligg 8 km vest for planområdet. Lesja og Dovre beredskapssenter ligg om lag 30 minutt med bil austover.  Dette gjev ei relativt kort responstid for utrykkingskøyretøy.	Nordplan.
	Større ulykker (veg, bane, sjø, luft)	N	Det går jernbane i nærleiken av området, men denne vil ikkje bli råka av tiltaket.	Nordplan.
	Storulykkeobjekt	N	Det er ikkje kjent at det er storulykkeobjekt i nærleiken av planområdet.	Nordplan.
	Kollaps av bygning/ konstruksjon	N	Ikkje aktuelt.	Nordplan.
	Akutt forureining	J	Det kan oppstå lekkasjar av olje/diesel frå maskiner under anleggsperioden. Sprenging og knusing av massar i området vil og kunne føre til avrenning av finstoff til omkringliggande bekkar og elvar.	Nordplan.
	Dambrot	N	Ikkje aktuelt.	NVE kartkatalog.

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING	J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDE	
NATURFARE	Flaum og stormflo	N	Elvane/bekkane <i>Fotfola</i> og <i>Kvennbekken</i> renn i nærleiken av planområdet. Aktsemdområde for flaum for desse elvane kjem ikkje innanfor planområdet.	NVE kartkatalog.
	Havnivåstigning	N	Ikkje aktuelt.	NVE kartkatalog.
	Jord- og flaumskred	N	Ikkje aktuelt.	NVE kartkatalog.
	Snøskred	N	Ikkje aktuelt.	NVE kartkatalog.
	Steinsprang/steinskred	N	Ikkje aktuelt.	NVE kartkatalog.
	Lausmasseskred	N	Ikkje aktuelt.	NVE kartkatalog.
	Stabilitet/ masseutgliding	N	Ikkje aktuelt.	NVE kartkatalog.
	Erosjon (langs vassdrag og kyst)	N	Ikkje aktuelt.	NVE kartkatalog.
	Overvatn	J	Overvassproblematikk skal alltid vurderast nærare i planarbeidet. Planforslaget legg opp til fleire harde flatar ved utbygging. Eigen rammeplan for overvasshandtering skal utarbeidast og leggest til grunn for planen.	Nordplan.
	Skog- og lyngbrann	N	Det er liten/ingen aktivitet i området som kan føre til brann.	DSBs kartteneste.
	Ekstremvind	N	Ikkje relevant.	FylkesROS 2022.
	Tørke	N	Ikkje relevant.	FylkesROS 2022.
KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR OG INFRASTRUKTUR	Veg, bane, luftfart, skipsfart	N	E 136 grensar til planområdet. Eventuelle hendingar i planområdet må vurderast i samband med dette.	Statens vegvesen
	Vassforsyning og avlaupssystem: bortfall, skade og forureining	N	Det skal ikkje etablerast tiltak som treng vassforsyning og avlaupssystem.	Nordplan.
	Energi, gass og IKT: bortfall, skade	N	Ikkje relevant.	Nordplan.
	Tilkomst for utrykkingskøyretøy/ brannbil	N	Tilkomst vert dimensjonert for store køyretøy.	Nordplan
	Tilgang på sløkkevatn	N	Det skal ikkje etablerast bygningar eller faste installasjonar i planområdet.	Nordplan.
	Trafikkulykke	J	Det er fleire registrerte ulykker på E136, i nærleiken av planområdet. Dette er stort sett eldre ulykker der einslege køyretøy har køyrt utfor vegen.	Vegkart, Statens vegvesen.

**SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar**

UØNSKA HENDING		J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDE
			Massetransporten med auka av- og påkøyning av tungtransport vil i nokon grad auke risiko for uhell. Som del av planarbeidet skal det sikrast at tilkomst og vegar dimensjonerast for den trafikken det blir lagt opp til i planforslaget. Det går og mykje tungtrafikk langs E136.	